

BOKN BYGDABLAD

Nr 2 - Mars 2000 - Årg. 15



Ambulanse-generasjonar - s. 20



Jubileumsfest - s. 2



«Flyttelysten» - s. 8



20 år s. - 14



Bokn kommune
150 år

Kusymre
kommuneblom i Bokn



”GLER MEG TIL 18. MARS!”

av Jardar Havikbotn

I motsetning til journalist Einar Vestvik i Haugesunds Avis har eg ikkje vore i Oslo og intervju Anne Tove Øvrebø og Hanne Krogh, men som Anne Tove sin musikk lærar i mange år veit eg kor mykje denne konserten, og å få oppleve eit år hos Hanne Krogh med familie betyr for 23-åringen!

Anne Tove trivst utruleg godt i hovudstaden, sjølv om ho seier at heimstaden trekker henne til seg, og ho trur ho flyttar til Bokn igjen. Det er berre Bokn og Oslo for henne, ingen andre alternativ. Men, som så mange unge boknarar seier, mykje er avhengig av kva ho kjem til å jobba med seinare. Og det kan bli så mangt, ettersom ho både var blåruss, har gått på lydskule, tatt forberedande, reklameskule og økonomi/administrasjon på DH. Ho hadde plass på Lærarhøgskulen i Bergen, musikklinja, då ho etter mange års brevveksling fekk tilbod frå Hanne om å vera assistenten hennar dette skuleåret, og i første rekke ha ansvaret for å få dottera Amalie til og frå skulen. Då takka Hanne-entusiasten nei takk til ein skuleplass i Bergen. Anne Tove blir nok verande i Oslo i fleire år til, og kanskje tar ho musikk-grunnfag til hausten.

Gjennom tidlegare samtalar med Hanne har eg fått veta kva Anne Tove betyr for henne, og vennskapet har berre blitt sterkare og sterkare. Viss du ringer til Hanne i dag, treffer du som regel på Anne Tove, som har eige rom i huset, der også mannen til Hanne, Trygve Sundbø, bur – og eldste sønn Sverre på 18. Så når eg har jobba med denne konserten, har eg ikkje snakka med hovudpersonen sjølv i det heile tatt, men ho er nesten aldri heime heller, i følge Anne Tove. Trygve er manageren til Hanne, også assistert av Anne Tove. Elles gjer ho t.d. ærend, tar seg av brevskrivning og telefonar.

Det har sjølvsagt også knytta seg eit sterkt band mellom Amalie på sju og Anne Tove. Anne Tove har også eit tantebarn som heiter Amalie på omtrent same alder, og ho fortel at det er litt spesielt. – Amalie er godt van med alle typar folk, og det har aldri vore noko problem å vera praktikanten hennar, seier Anne Tove, som har pianoundervisning kvar veke i Oslo. Og alle trur vel at Hanne tar seg av songundervisninga i heimen. – Hanne har aldri tid til å drive songundervisning, ler 23-

åringen, som fekk sin første songundervisning av Oddrun H. Nilsen i musikkskulen her heime. Etter fleire år i Bokn barnekor, optrådte ho også åleine på song og keyboard på mange tilstelningar heilt til ho flytta frå Haugalandet. No har ho lagt keyboardet meir på hylla, og konsentrerer seg berre om pianoet, og songen sjølvsagt. For ikkje så lenge sidan var ho med og song på TV, i gospelkoret ”Templet”. Carola optrådte også i same



Anne Tove med Solvei Amalie Krogh Sundbø foran skulen hennar.

Foto: Britt Marie Løkken

program, så det er ingenting i veien med inspirasjonen til å halda på med musikk. For det er klart at Anne Tove kjem til å gjera, anten som yrke eller hobby, eller begge deler. Det er kjekt at Bokn musikkskule si storhetstid på slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet, som Anne Tove var ein stor del av, ligg i botn for det som ho får og kan oppleve i dag!

Sist Anne Tove song på scenen i gymsalen, var på 17. mai i 1996. Då hadde ho med seg ei fløytevenninne frå Estland. No har ho med seg Hanne Krogh, og dei skal både synga duett og kvar for seg, saman med ein keyboardist.

La oss håpa at alle struper er heilt friske den dagen, og at alt som heiter halsbetennelse og forkjølelse held seg på god avstand!

Lyden er også profesjonell, då ”Norstage” i Haugesund vil sørge for dette!

I tillegg blir det revyinnslag, Tusenårssongen med Tina B. Høyland, allsogar, sodd og flatbrød, og til slutt spelar RAPIDO opp til dans!

Du kan få med deg jubileumsfesten for berre kr. 50,-. Dørene opnar kl. 19.00 – kjøp billett på førehand og ver tidleg ute!



Foto. Britt Marie Løkken

KVA MED 2. ETASJE I KYRKJEBYGD SKULE?

Bokn driftsstyre ynskjer innspel på kva denne etasjen kan og bør brukast til når barnehagen flyttar ut til hausten.



- Er det automatikk i at heile huset blir kulturhus, og at ungdommen bør eller skal prioriterast?
- Er det naturleg at Fritidsklubben Petra, som i dag disponerer 1. etasje og 3. etasje saman med Bokn vevstove, også får bolt-ra seg i 2. etasje?
- Kanskje er etasjen ein midlertidig eller permanent plass for museumsgjenstan-der? Slik som t.d. den stakkars feringen som står ved Allrommet på Boknatun.
- Er det andre lag, organisasjonar, eller andre som har eit behov og ynskje om å disponera dette arealet?

Viss du har ynskjer , behov og meiningar, gir du desse til kulturkontoret før 15. april.

Hugs at det er for seint å bry seg etter at det er bestemt kva etasjen skal brukast til.



Bokn kommune
150 år

Tonane frå Hanne Krogh har så vidt lagt seg før gymsalen igjen blir fylt med nye tonar frå nok ein stor personlegheit i norsk musikk, nemleg *Vestlandsfanden* sjølv, Reidar Brendeland.



Vestlandsfanden har også jubileum i år (20), og har lagt ein turne til Rogaland i den anledning. Eit samarbeid mellom Brendeland og kulturkontoret har ført til at dei kjem til Bokn mandag 20. mars, og vil vera med og gjera sitt til at boknarane verkeleg skal hugsa 150-års jubileet! Og ikkje nok med det, besøket skal også inspirera lokale musikkutøvarar, i denne samanheng Musikkorpset, til å løfta seg musikalsk gjennom samspel, og gi ei musikk-oppleving med å framføra ein kjent song saman med korpset. Korpset øver i desse dagar på Norges første korpsarrangement for *Vestlandsfanden* og korps, og resultatet blir bra!

Korpset skal ha ei lita avdeling før denne felles songen, m.a. med Lillian Grønnestad som solist, under sin nye dirigent, Andreas Ulveraker. Etterpå kan me nyta kjente songar som "Plommer i Hardanger" og "Livets glade gutter" saman med mange andre i rundt 70 minuttar. Så er det skikkeleg bursdagsfeiring med is, kaker, brus og kaffi!

Skuleelevane er spesielt inviterte til denne konserten, men han er open for alle. Det byrjar kl. 19.00 til ca. kl. 21.30. Også her er det venta mykje folk. Dørene opnar kl. 18.30 – ver tidleg ute. Entré kr. 0,-

ÅRETS KJØTTMESTER 1999!

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

Observante kunder på Bokn Handelslag har fått med seg nokre skilt ved kjøttdisken der det m.a. står "Denne butikken er kåret til Kjøttmester" og "Vi innfridde de kvalitetskrav som er satt til en god kjøttbutikk".

Styrar Annbjørn Sunde er tydeleg stolt over denne utmerkinga, der han går og "pyntar" litt på varene i kjøttdisken, medan han fortel. – Dette er Helga og Ingrid sin bragd. Det er dei som har ansvaret for kjøttdisken. Helga Foss og Ingrid Jøsang er sjølvstgt svært glade for ei slik inspirerende utmerking. Ingrid fortel at Helga og ho har ansvaret kvar si veke. Dette går m.a. på reinhald, temperaturkontroll, ferske varer og vareutval for folketalet. Kvar dag blir temperaturen sjekka og kvittert for, og ev. lekkasjar blir retta opp i med ein gong.

Handelslaget sa ja til å vera med i Goman Kjøttmesterkonkurranse i 1999, og gjennom heile fjoråret blei det foretatt uvarsla kontrollar. Det blei kryssa av og gitt karakter. Og i forrige månad kom brevet som fortalde at Bokn Handelslag er kåra til "Kjøttmester 1999"! Berre tre forretningar i nord-fylket fekk denne utmerkinga.

Desse skiltene forplikter, me kan ikkje "kvila på lauvbæra", seier Ingrid, og legg til at dei også kan nå ei enno høgare utmerking. Det skulle i alle fall ikkje vera noko i vegen med motivasjonen. Personleg har eg ikkje sett kjøttdisken finare enn han er no, og det ser ut som at det har smitta over på frukt- og grønnsaksdisken også. Helga og Ingrid har også ansvaret her, og det fortel jo sitt.....

Handelslaget klarte altså alle krava i Goman sin kjøttmesterkonkurranse. Kjøttmestertittelen er eit symbol på at butikken har ei kjøttavdeling som oppfyller dei høge krava til kvalitet og kunnskap som er sett som konkurransekriterier. Tittelen betyr at Bokn Handelslag hevdar seg blant dei beste i landet når det gjeld kjøttavdelinga – gratulerer!



Helga Foss (tv.) og Ingrid Jøsang har ansvaret for kjøttdisken.

DETTE ER GOMAN KJØTTMESTERKONKURRANSE

Konkurransen blir arrangert årleg, og han er eit omfattande kvalitetsforbetringsprogram kor Forbrukersamvirkets butikkar over heile landet arbeider for å tilfredsstilla strenge kvalitetskrav. Det er kun dei butikkane som oppfyller krava som blir kåra til "Kjøttmester".

Kjøttmestertittelen gir kundene ein garanti for at butikken held eit høgt nivå på kjøttavdelinga. Det er ikkje berre kvaliteten på kjøttvarene og utvalet det er lagt vekt på i konkurransen. Her er også miljø, orden, hygiene, kjølerom, diskar, belysning, varemerking, varebehandling, service og markedsføring vurdert.

Kjøttmestertittelen er både ein hedersbetegnelse og ein forpliktelse, og set krav til butikken om å oppretthalda standarden og oppfylla krava til kundene kvar einaste dag.


INGRID BIRKNES LANGHELLE, MEDLEM NR. 100 I BORK!

av styremedlem Vibeke Borgenvik


Ingrid er ei åtte år gammal jente som bur i Føresvik. Ho går i 2. klasse, og synest at det er kjekt å gå på skulen. Ho rir ein gong i veka hjå Erik Eikje på Ognøy.

Ingrid byrja å ri i haust, og synest det er kjempekjekt. Shane og Lillian er nokon av dei ho rir med. På fritida les ho hestebøker og er litt på leikeplassen.

Det høgaste ønske er å få ein eigen hest, men det trur ho at ho må vente med til ho blir litt større.



Ingrid i farta!
Foto: Andreas Nemeth



Ingrid med beviset på at ho er medlem nr. 100 – overlevert av Vibeke.
Foto: May Elisabeth Alvestad

”RÅDAJAKOB”

av Helge Laupland

Ein gong som gutunge, var eg med han Børe i ei myr borte på Jøsenlandet for å krakka torv. For å komma dit måtte me i båt. På innsida av ”Litlakjøynå”, er det nokre gamle gråsteinsmurar og restene av ei brygge. På heimvegen denne dagen, gjekk me på land på denne brygga. For som han Børe sa: ”sjå kor han RådaJakob budde. Sjølve murane var vel som andre slike gamle murar rundt omkring. Men slipesteinskrakken var noko for seg sjølv, og skikkelig solide saker. Rett og slett ei kløft mellom to store steinar der ein kunne sjå tydelige merke etter slipesteinsåsen.

Og Børe fortalde:

Han som eingong budde her hette Jakob, men på folkemunne blei han kalla ”RådaJakob”. Det var på grunn av det han dreiv med. Han Jakob hadde ei skute, med den segla han til Bergen og henta dokaggar. Dette ikkje heilt velluktande stoffet tok han med heim. Ein del av det selde han til folk som trong litt ekstra

gjødsel. Resten bruka han til å gjødsla opp Kjøynå med. Difor er ”Litlakjøynå” den dag i dag grøn og frodig, og ulik dei andre holmane og landet i kring. Det veks ikkje lyng der. Like sør for den gamle brygga er sjøen forholdsvis djup like inn til land. Når han Jakob skulle gjera skuta rein for groe, la han skuta inntil her på fjæra sjø. Så sette han eit tau frå masta og ned i ei bergnibba som stikk fram nede i strandkanten. Når så sjøen flødde, vart skuta tvinga over og det var berre å skrapa og skura så langt han nådde. Så måtte han snu skuta og venta på neste flo.

Eg har mange gonger seinare vore oppe i dei gamle murane og mange gonger lurt på:

”Kven var denne ”RådaJakob”, kva tid levde han, kor kom han i frå, har han etterkommarar, slektningar osv. ?

Dersom det er nokon som veit meir om han Jakob, kan dei jo gå til ”Bygdabla” med det.

BARN OG GUDSTJENESTE

av Arne Aurdal

”Jeg føler alle ser på meg under gudstjenesten fordi barna mine ikke sitter rolig nok!”

Omtrent slik falt ordene en dag vi samtalte i soknerådet om gudstjenestene våre. Det er aldri godt å vekke negativ oppmerksomhet, aller minst i kirkerommet.

Det er ikke nevnt så mange ganger i bibelen at Jesus ble harm, men det står faktisk det i Markus 10, 13 ff, da disiplene ville vise barna bort. Kanskje det var fordi de var urolige. Derfor hviler det et spesielt ansvar over oss som gudstjenestefeirende menighet at vi inkluderer barna. Det gjelder alle våre samlinger, men spesielt gjelder det på familiegudstjenestene, slike dager som julaften, 17. mai, høsttakkefesten, ved utdeling av bibler til 5. klassinger og 4-åringer m. fl.

Mange har barn som synes det er vanskelig å sitte stille en hel time. Hvorfor ikke la de minste barna få gå litt frem og tilbake i midtgangen? I alle kirkene våre er det noen billedbøker for barn. Disse kan en låne med seg. Kanskje har en og en bok hjemme som en vet at barnet liker å lese i. Ta med den!

Men blir det ikke uro av dette? Familiegudstjenestene tåler godt at en ikke alltid kan høre ”knappenåla” falle i gulvet. Dessuten kan mor eller far følge litt med og blir det for mye uro, kan de ta med den ”håpefulle” ut noen minutter. Kanskje er det en oppgave for kirkeverten på familiegudstjenestene å ta seg spesielt av de minste barna, som er så små at de ikke fullt ut forstår hva som skjer eller hvor det skjer noe.

En av mine egne barn var for mange år siden temmelig urolig på en visitasgudstjeneste med biskopen. Da vi kom hjem tok jeg det opp med han og sa at jeg ikke hadde likt oppførselen hans på gudstjenesten. ”Jeg trodde jeg var hjemme, jeg, pappa”, svarte han. Da ble jeg svar skyldig.

Det er en av våre viktigste oppgaver som foreldre til dømte barn å ta dem med til kirke. Dernest er det et hovedansvar for oss som menighet å hjelpe barna og foreldrene til å føle seg hjemme i kirken. Det gjør vi ikke med kritiske blikk, men ved å legge gudstjenesten slik til rette at alle kan føle seg vel og at det er rom for naturlig livsutfoldelse for de minste. Det skaper gode opplevelser og gir en lyst til å komme igjen.

BØN FRÅ EIN KONFIRMANT 1999

*Takk for maten me fekk,
Takk for familien min.
Takk for flere glade venner.
Takk for gode dager.
Takk for flotte timer.
Takk for at Gud er med oss.
Takk for mitt liv.
Takk for glade år.*

Kjære Gud

*Hjelp oss å få slutt på sult.
Hjelp oss å få slutt på krig.
Hjelp oss å slutte å være uvenner.
Ver der me er.*

Maren



Maren Berge

Foto: Ranveig Nygaard

FEKK 14 DAGARS USA-TUR

Tekst & foto: Reidar Alvstad

MEDLEM I UNGDOMMENS HEIMEVERN

Frå han var 15 1/2 år har Jostein Aksdal vore med i Ungdommens heimevernteneste. Først i Tysvær/Bokn heimevernområde, og så i Haugaland heimevernområde. I og med at faren er befal i heimevernet, blei det nokså naturleg for Jostein å bli med. Men uniformen fekk han ikkje før han var fylt 16 år.

Jostein fortel til bygdabladet at dei har samling ein gong i veka i ungdommens heimevern kor dei m.a. lærer sanitet, samband, våpenkjennskap (og respekt/sikkerhetsreglar for våpen), teneste ute og orden. Det er ikkje andre ungdommar frå Bokn med nå.

UTVEKSLINGSTUR TIL USA

Frå 19.februar til 2.mars i år var Jostein med ei større gruppe på over 100 personar på ein utvekslingstur til Minnesota i USA. Turen gjekk etter ei veker førebuing i Norge i eit stort US Air Force Starlifter fly. I USA skulle dei norske medlemmene av ungdommens heimevernteneste lære amerikanske forhold og kjenna, og dei skulle instruera kollegaer i USA å gå på ski. Men då utflukta skulle gjennomførast, blei det både mildvêr og regn i det området turen gjekk i villmarka i Camp Ripley, Minnesota, og det blei dårleg skivêr.

SIGHTSEEING OG FAMILIEBESØK

Det var ikkje berre øving og villmarksutflukter som gjekk føre seg i USA. Jostein fortel at dei fekk gode høve til å sjå seg om i staten Minnesota. M.a. Så var dei i fleire av dei største byane, m.a. I State Capital kor guvernøren i staten held til. I Minneappolis var dei også i verdas største handlesenter, og i USA er det meste stort. Dette handlesenteret var eit bygg med ein diameter på 3,6 km. Det tok timar å gå rundt bygget på utsida.

Så fekk deltakarane høve til familiebesøk den siste hel-

hadde familie i denne staten som han reiste til

SKAL SNART PÅ FØRSTEGANGSTENESTE

Jostein som går 2. året på plate/sveis på Haugaland videregående skole, hadde ikkje problem med å få fri for å vera med på turen. Neste år har Jostein søkt seg på lærlingplass innfor plate- og gsveisefaget ved Madlamoen, men også ein annan stad innan det sivile. Han skal i desse dagar på sesjon, og når han går inn på førstegangsteneste i militæret, blir heimeverntenesta automatisk avvikla.

FYLTE 18 ÅR OVER ATLANTEREN


Jostein fylte 18 år den 19. februar, og denne dagen "feira" han i flyet som dei fylgde over Atlanteren til USA.

På vegen over hadde dei eit stopp på Keflavik på Island for å bunkra.

Slike utvekslingsturar foregår ein gong i året, og meininga er at dei norsske ungdommane skal lære det amerikanske US Guard å kjenna, og deira måte å gjera



Jostein kan slappa skikkeleg av heime i stova på Fyren etter ein interessant tur til USA



Jostein syntes det var interessant å besøkja familie i USA

ga. Og dette kunne Jostein nytta seg av, sidan han

ting på. Jostein seier at forskjellen er at alt er mykje større der borte, både leirar og område. Og så går dei mykje mindre. Alt foregår i kjøretøy.

GODT UTBYTTE

Jostein seier at han har lært mykje i Ungdommens heimevernteneste. Han meiner det har gitt han større ansvarskjensle og tru på seg sjølv, og at han er blitt meir sjølvstendig.

Turen til USA synes han var kjempekjekk. For det første fekk han gratis tur, opphald, omvising og turar i Minnesota, og han fekk sjå om familie som han hadde der borte.

I tillegg fortel han at dei måtte snakka engelsk nesten heile tida, og det gjorde at han synes at sjølv eit 14 dagers opphald gjorde at han lærte dette språket betre.

EI LITA HYTTE KAN BRUKAST TIL MYKJE...

- historien om Grieghytta i Hardanger -

av Jardar Havikbotn

*"O, hvor findes sådant sted,
disse løvbekranste tanger,
med den fromme hyttes fred,
uden i din herlighed,
underdeilige Hardanger"*

Henrik Wergeland

Ein koseleg Boknagjeng-tur til Hotel Ullensvang i Hardanger i slutten av januar, inspirerte meg til å finna litt meir ut om den såkalla Grieghytta, som no står i hagen til det flotte hotellet der inne. Mange boknarar har høyrte om dette, og fleire trur at hytta blei laga her i kommunen og fungerte ei tid som hønsehus. Ingen av delene stemmer.

Hønsehus, ja, men det var på Grimo i Hardanger, tvers over Sørfjorden frå Lofthus, då kaptein Sigurd Juel budde der inne før han i 1886 gifta seg med Alida Margrethe Monsdatter Larsen i Føresvik og busette seg i Bokn. Då tok han nemleg hytta med seg, og ho havna på garden der Marie og Harry Vågshaug med familie bur i dag. Men la oss gå tilbake til byrjinga:

Då Nina og Edvard Grieg flytta til hotellfamilien



I ein brosjyre frå hotellet står det ved sida av dette bildet: I Edvard Griegs komponisthytte aner du inspirasjon til "Våren"...

Utne i Lofthus i Hardanger hausten 1877, fekk han sett opp ei lita komponisthytte på Eidnes-garden. Grieg likte ikkje at folk lytta mens han komponerte, og hytta blei plassert godt oppover fjellsida, 200 m over hotellet, for å vera sikker på å få arbeida uforstyrta. Ein kjent malar som budde på Lofthus på same tid, omtalte hytta som ein trekasse med plass for pianoet, ein ovn og Grieg sjølv. Den vesle hytta blei mykje nytta, og her blei nokre av dei største komposisjonane i

"Det var i en heldig tid for mig, at jeg solgte mit Hus, thi Lægerne har sagt at jeg ikke har havt godt av Opholdet derinde i Hytten".

Edvard Grieg



Solveig Søndeland voks opp med hytta på garden Heimdal. Her i huset sitt på Sunnaland med platte av hytta, kjøpt på Hotel Ullensvang.

Foto: JH

norsk musikk laga. Hardingane kalte hytta for "komposten", og til det sa Grieg: "I Sandhed et ildeklingende Navn på en Kunstnerbolig, men således døbte Bondesamvittigheten i Hardanger den lille Stue som jeg lot sette opp under mitt Vinterhi derinne".



På Heimdal: - Her er spor etter hytta når ho stod 10 m nordvest av huset, seier Harry Vågshaug. Huset blei oppført av Mons Larsen, svigerfar til Juel.

Foto: JH



Harry og Marie med bilder og brev frå prosjektet i stua i "Juel-huset".

Foto: JH

Seinare blei hytta flytta ned til sjøen, 500 m nordover. Det blei gjort på dugnad av ca. 50 bønder der inne. Grieg hadde hytta i tre år, og i 1880 blei ho solgt for kr. 160,- til Ullensvang Præstegård, som dukkehus. Då sa Grieg: *"Det var i en heldig tid for mig, at jeg solgte mit Hus, thi Lægerne har sagt at jeg ikke har havt godt av Opholdet derinde i Hytten"*.

Hytta blei etterkvart seld på auksjon, til nettopp Sigurd Juel, som var kaptein i HSD. Han frakta ho altså over fjorden til Grimo der ho m.a. blei brukt til hønsehus, før ho blei frakta sjøvegen til Bokn. Akkurat kva tid dette skjedde, er usikkert, men i følge Harry Vågshaug og bygdebokforfattar Birger Lindanger fekk Juel skjøyte på garden i 1887. Året etter blei elstedottera Anna Cecilie fødd, i 1890 kom Sigrid Margrethe, og i 1892 Hjørdis, og i følge kyrkjebøkene blei alle ungane fødte i Bokn, og hytta blei brukt som leikehus for desse. Då stod ho rett ovanfor huset til Marie og Harry.




Juel og familien flytta frå garden i 1915, til Odda. Då

kjøpte Peder Torland garden. Han hadde tidlegare vore dreng for Juel, som 14-åring. Han dreiv forresten Bokn Landbrukshandel der frå 1917 og til Bokn Handelslag byrja, men det er ein annan historie. Solveig Søndeland kan fortelja meg at faren (Peder) fekk beskjed av Juel at hytta skulle brukast til vaskeri for HSD, og då blei ho flytta ned til Kvednabekken. Kor lenge ho var vaskeri, kan ikkje Solveig seia, men det var ei god stund. Ho hugsar godt brygga som HSD brukte når dei skulle henta kleda sine. Solveig hugsar godt, der ho preikar i veg medan eg viser henne bilder frå Hardanger. – Akkurat sånn såg bordet ut, seier ho om det vesle bordet under vindaugget. – Det var forresten i god stand, vindaugget. Ho hugsar også huset ved Kvednabekken rundt 1925. Då var ho sju år, og kan hugsa når dei ungane var med foreldra å vaska, tørka og pakka klede for HSD. Men mest var det leik for Solveig og tvillingbroren Einar. – Det var så kjekt når me fann småaure som gøymde seg bak steinane i bekken. Kleda skylla dei også i bekken, derfor var komponisthytta frå Hardanger plassert attmed bekken som rann ut i Boknebergsjøen, rett sør for "Juelasjøen".

- Kaptein Juul var ein mektig mann, ein slik med tre, fire tenestefolk og med sølvsele

"Vi har fenge kjennskap til, at den gamle komponisthytta til Grieg, skal staa paa Dykkar eigedom. Det er fleire som no har uttalt ynskje om, at denne hytta bør koma attende til Ullensvang, der den stod fraa fyrst av".


Frå eit brev 7. oktober 1947 frå Ullensvang Formannskap til Jakob Torland.




Peder Torland. Utlånt foto frå Harry Vågshaug



Sigurd Juel. Utlånt foto frå Asta Hognaland



Spor etter Juel på Heimdal: Alarmringe-klokka fru Juel brukte til å kalla på tenarane, sannsynlegvis kopla til eit batteri. Utlånt frå Marie og Harry Vågshaug.




Han skulle berre visst, Edvard Grieg, kva han stelte i stand med den hytta si.

Foto: Marie Vågshaug



Et skilt mellom hytta og figurane fortel oss m.a. at Grieg var stamgjest på hotellet frå det året hytta blei oppført til 1905, berre to år før han døde.

Foto: Kristi Laupland



Inne i hytta 1997: Det blei leita etter innrissingane frå Harald og Jakob Torland samt syskenbornet Elmar Eide, men ein antar at desse er blitt slipte bort. Sørfjorden i bakgrunnen.

Foto: Marie Vågshaug

på hesten på kyrkjevegen.

Solveig nemner at Magnus bokneberg, Hagbert Bokneberg og Anders Økland var drengar på Heimdal.

- Medan tenestefolket måtte eta på kjøkkenet, fekk den fornemme Juel maten sin i stua, gjennom ei luke frå kjøkkenet. Han var vel aldri på kjøkkenet, smiler Solveig medan ho hugsar det mor hennar fortalde om kap-

og spaserte på vegane rundt på garden. – Men dei ville aldri koma inn, kan Solveig minnst. Asta Hognaland hugsar også desse damene, og heime hos dei heng eit stort maleri av eit kjend bilde med dette motivet.

Solveig er forresten sikker på at hytta aldri blei nytta som hønsehus i Bokn. Ho og mannen Heine var ofte

saman med ungane og besøkte hytta i hotell-hagen. I byrjinga var ho ikkje låst, og dei var fleire gonger inne i henne. Men i dag er det andre tider.



Her går Juel-døtrene samt ei ukjend på vegen ned frå kyrkja. Ca. 1900, då dette bildet blei tatt, var det "klyngetun" på Sæbø. No står berre det fremste kvite huset, dei andre er flytta. Ein antar at den som har tatt bildet er på besøk hos kaptein Sigurd Juel (pil).

Foto frå bygdeboksamlinga

teinen. Døtrene til ekteparet

Juel søkte ofte tilbake til heimstaden sin, og Solveig snakka fleire gonger med dei "fine" damene som gjekk

Arne Ognøy er ein av naboane som også hugsar denne hytta på 1940-talet, og som unge var han ofte der inne og leika. Han kan hugsa at inne i hytta stod ein vaskekomfyr med tre, fire bein med ei store jerngryte oppå, og opp gjennom taket gjekk eit stort røy. Solveig kan også opplysa om at hytta også blei nytta som tørkehus for dei næraste kvernhusa opp etter bekken, og kanskje har det vore rester etter korn på golvet som har fått hardingane til å tru at hytta blei nytta til hønsehus, også i Bokn.

Forfattar og handelsmann Sjur Lothe frå Haugesund "fann" hytta i Bokn, og tok initiativet til å få ho flytta tilbake til Hardanger. Formannskapet der inne sendte ein forespørsel til

Jacob Torland om å få kjøpa tilbake hytta. Dette var i 1947, og om hausten det året blei hytta kjøpt for kr. 400,- av hardingane. Ungdomslaget i Lofthus tok på seg oppdraget, og hadde også kontakt med museumsstyrar Thuestad i Haugesund i flytteprosjektet.

Hotelldirektør Utne sette meg i kontakt med 90 år gamle Einar Helleland, som bur i Lofthus berre 200 m frå hotellet. Og det viste seg at han hadde ansvaret for flyttinga, som skjedde våren 1948. Den kunnskapsrik-Helleland, som lenge var formann i ungdomslaget der inne, hugsar dette svært godt, og har gitt meg, og kan



Arne Ognøy viser kor hytta stod.

Foto: JH

bekrefta mange av dei opplysningane eg har fått tak i til denne historia!

Den spreke 90-åringen, som var vanskeleg å få tak i p.g.a. snømåking store deler av dagen (!), kan fortelja meg at han var med m.a. ordføraren og såg på hytta i 1947, før han kom tilbake året etter og var vitne til at ho blei "riven", og alle tømrane merka. Han hugsar også at det stod eit skjul ved sida av hytta, men dette blei ikkje med inn til Hardanger. Det blei også tatt bilder, men Helleland har ikkje nokon av desse. Tømmeret blei frakta til kaien i Førsvik, der ein av båtane "Ullensvang" eller "Stord" frakta det til kaien på Lofthus, til plassen ho stod då Grieg solgte ho til Ullensvang Præstegård. Så blei tømmeret sett opp igjen, i rett rekkefølge, hytta fekk nytt golv og blei kledt på nytt. Helleland trur også glasene er skifta, men meiner at sprossene er dei originale!

Magnhild Are kan fortelja meg at ho godt hugsar sundagen i 1948 då den grønmalte, etterkvart berømte hytta blei teken frå Bokn. Sjur Lothe og ein frå Hardanger, kanskje det var Einar Helleland (?) kom opp til huset deira og spurte om dei hadde eit fotografi-apparat. Det hadde dei, og Magnhild blei med ned til plassen. Ho hugsar også at Harald Torland var med. Sjur Lothe tok mange bilder, frå ymse vinklar. Magnhild og hytta blei også tatt bilde av, og Sjur



Lothe, som fekk filmen med seg, lova henne kopiar. Men ho

såg dessverre aldri desse bildene. Kanskje kan me få tak i dei eingong.....

Juli 1948 var det gjen-opning" av hytta, og stor fest i Lofthus. "Harmonien" i Bergen heldt konsert i hotell-parken, og den allsidige og "flyttelystne" hytta blei overlevert til Lofthus Ungdomslag, som eig henne den dag i dag! Solveig fortel at ho og Jacob blei inviterte inn til denne festen, men kom seg ikkje avgårde. Helleland seier også at fleire opplysningar om "Komposten" er samla i eit skriv som ein finn i Samfunnshuset på Lofthus.

P.g.a. bygningar foran hytta, blei ho for siste gong flytta i 1962. No står ho altså i hagen foran hotellet, og ingen boknarar bør køyra forbi denne historiske hytta, eller unngå ho viss dei er gjester ved hotellet! Dette gjorde heller ikkje Marie og Harry i 1997. Då fekk dei, etter å ha sagt kven dei var, gå inn i hytta. Då leita dei m.a. etter innrissa boknanamn; Harald og Jacob Torland samt syskenbarnet Elmar Eide skal ha rissa inn namna sine, noko også Målfrid Kro Trosnavåg kan bekrefta. Marie og Harry fekk veta at namna sannsynlegvis var slipte bort.....

Gjennom arbeidet med denne tidkrevande artikkelen har fleire brikkar falle på plass, og den 123 år gamle hytta har altså vore både komponisthytte, dukkehus, hønsehus, leikehus og vaskeri på si ferd; Lofthus – Bokn – Lofthus. Det er det ikkje mange hytter som kan skilta med.

Eg vil takka alle kildene mine; Einar Helleland, Hotell-direktør Utne, Solveig Søndeland, Marie og Harry Vågshaug, Ingrid Torland, Arne Ognøy, Bjørg Alvestad, Magnhild Are, Asta Hognaland, Birger Lindanger, Solveig Ellingsen og Målfrid Kro Trosnavåg! I tillegg har eg brukt brosjyrer frå Hotel Ullensvang.


I eit dikt om gardane på Bokn, skriv Monrad Alvestad i første verset om denne hytta:

*På Sæbo stod et gammalt hus
som seint og sakte sokk i grus.
No er den reist som minnehall
for nordens største toneskald.*

Heile diktet kjem neste månad..

Bokn hagelag og Bokn båtforening

TUR TIL FLOR OG FJÆRE, SØR HIDLE



Kontakt:

M.J eller T.E. Vatnaland 52 74 86 48

Anne Lise Nilsen 52 74 86 38

Andreas Nemeth 52 74 86 61

Vi ønsker nå å lodde stemningen for denne turen. Det blir en dagstur, dato er 27. mai (endret fra 18. juni). Båtforeningen står for skyssen. Turen vil koste omtrent 300 kroner pr. person.

Vennligst kontakt oss for en uforpliktende påmelding nå ! Slutten av mars vil det være frist for bindende påmelding. De som viser interesse nå er sikret plass, hvis det blir tilstrekkelig oppslutning. Turen starter ca. klokken 09:30. Etter ankomst blir det omvisning 30 til 60 minutt. Deretter kan en se seg omkring på egenhånd. Det er mye eksotisk, også matveien har de mye fint. Lunsjretter fra 80 til 150 kroner. 4 retters meny fra 220 kroner til 14 retters meny.

Retur fra Sør-Hidle senest 16:00.

De som har internett (eller besøk biblioteket) kan finne mer detaljerte opplysninger på <http://www.florogfjare.no/>

Våren er ikke langt unna, og Hagelaget minner om at vi har en del nyttig redskap til leie. Kunne du tenkt deg å låne andre typer redskap, ta kontakt !

	ikke-medlemer	medlemmer
Tilhenger	100	50
Plentrommel	50	gratis
Plenlufter	150	75
Jordfreser	200	100
Høytrykkspyler	200	100

Redskapene ster hos May Jorunn Vatnaland, tlf 52 74 86 48.

Bokn hagelag

20 svaner i Boknabergsvatnet! Både Knoppsvanen og Sangsvanen er 150 cm. Knoppsvanen har gulrødt nebb med svart knøl. Nebbet er ofte vendt nedover når den svømmer og halsen holdes S-formet. Spiss hale. Fremstrakt hals i flukten, kraftig vingesus. I Norge tidligere bare som tam parkfugl, men ruger nå i vill tilstand flere steder i Sør-Norge.

Sangsvanen svømmer vanligvis med halsen stivt oppstrakt, og som oftest ikke med nebbet så markert vendt nedover som knoppsvanen. Svart nebb med sitrongul basis. Tverr hale. Trompetaktig låt. Hekker sparsomt i Nordland, Troms og Finnmark.

Ut i fra internett-fakta er det ingen tvil om at det knoppsvaner som pryder Boknabergsvatnet.



Avskrift av Vestlandske Folkeblad nr. 5 for 30. jan. 1908.

(Denne avisa kom ut på Leirvik, Stord frå 1906 til eit stykke ut i mellomkrigstida).

Fra Bokn

"En frygtelig Ulykke hendte nu tirsdags Aften. En Kone gik hjemmefra og skulde gaa om Udmarken til et Opbyggelsesmøde, som holdtes i Nedrebø Skolehus. Mørkt som det var og uden Lygte er hun kommen af Veien og har gaaet sig vild. Ikke ret langt fra Hjemmet har hun formodentlig faldt du for et Braat og slaat sig bevidstløs. I denne Tilstand har hun tabt sit Sjal. Senere har hun forsat Veien i mange forskjellige

Omveier for, som det ser du til, at naa Bestemmelsesstedet. Under denne sin Vandring har hun faldt du for mange Bjergskraaninger og forslaat sig frygtelig baade i Ansigtet og paa Kroppen, saa der fandtes Blod baade paa hendes tabte Klæder og i hendes Vei. Saaledes har hun enten i Rædsel eller bevidstløs styrtet frem inndtil hun død eller af Afmagt faldt til Jorden. – Der ledtes efter hende hele Natten af mange Folk, men hun fandtes ikke før om Morgenens Kl. 9. Hun var Datter af A. Vaage og omkring 40 A- ar gammel. Tildragelsen var et haardt Stød for Slægt og Venner, men allermest for hendes Mand og hendes fire ukonfirmerede Børn."

(Avskrift ved Anstein Lohndal, Stord.)

På Rabben – bruk 8 i Søre Våga – budde det kring 1900 ein mann og ei kona som heitte Jens og Ingeborg. Jens var frå Eik på Sjernarøy, men hadde gifta seg til gards i 1883 med Nille, dotter til Anfinn og Eli her på garden. Men etter fire born og sju år i ekteskap døydde Nille i 1890. Det var stritt med fire små born, og Ingeborg, den 24 år gamle syster til Nille flytta inn for å hjelpa svogeren i ei vanskeleg tid. Dette gjekk godt, og i 1897 gifta dei to seg. I dei seks åra som fylgde fekk dei to ei dotter og tri søner.


Som det var vanleg på den tida, gjekk også Ingeborg trutt på oppbyggelsesmøte. Men denne kvelden seint i januar 1908 var det både mørkt og skodda. Frå Våga gjekk det bare ein gangsti til Nerabø og skulehuset der samlinga var. Og ho var bare komen nokre hundre meter opp frå Rabben til Kråkeskaret om lag der vegen svingar i dag, då ho datt utfor berget. Ho overlevde

fallet, men var nok ør og utan retningssans. Difor slepte ho seg oppover mot Kastdalen og kom heilt opp til den vesle skogdotten som står der oppe. Der blei ho liggjande.

Sigvart Våga fortalde at han var på same møtet som Ingeborg skulle til. Han rei heim, men tykte merra oppførte seg underleg då dei var ute i heia. Ho bles i nasen og var uroleg. Men det var stummande mørkt og skodde, så han tenkte helst det hadde med dyr å gjera. Men om morgonen fann dei altså Ingeborg – anten ho hadde slege seg i hel eller fraus i hel denne råkalde januar-natta.

Om Jens og borna er det å fortelja at han gifta seg alt året etter med Marta Erland frå Tysvær. Å ta seg av borna åleine, var uråd – ikkje minst sidan han med sine 62 år tok til å trekkja på åra.

Birger Lindanger



Feringen på Boknatun

Bokn bygdemuseum sin ferig har stått på Boknatun sidan 1987, og er no blitt så sprø at han ikkje tåler så mykje. Han er eit populært mål for dei yngste, spesielt under "vaflene" på torsdagane, og har dei siste vekene hatt presenning over seg. No skal han snart ut, kanskje til kommunen sine lokale på Hognaland, for ei førebels løysing. Båten fortel oss at me treng nye og eigna museumslokale i kommunen.

20 ÅRS JUBILEUM I PENSJONISTEN

Av Reidar Alvestad

"GAMLE ER UNGE SOM ER BLITT ELDRE"

Mellom 40 og 50 personar hadde sett av torsdagskvelden den 24.februar for å feira at pensjonistforeninga jubilererte. Men 20 år for ei er jo berre ungdommen.

Det første møtet i pensjonistforeninga var den 1. februar i 1970 i musikkrommet på skulen. Den gongen var medlemskontingenten kr. 10,- og tidspunktet for møtestart og -slutt var opplagd etter ferjetidene til Austre Bokn. Og gammal vane er vond å venna. Sjølv om ein i dag ikkje er avhengig av ferjeavgangar, held ein på møtetidspunkta. Pensjonisten startar kl. 17.30 som før. Men møteplassen har endra seg. Nå er det visst ingen som har noko imot at Allrommet i Boknatun blir brukt.



Pynta til fest med 45 forventningsfulle pensjonistar og andre rett før feiringa starta.

ÅRSMØTESAKER

Det var leiaren av pensjonistforeninga, Kjell Kro, som som styrte årsmøtet og jubileumsfesten, og etter velkomst og Boknasong, vart møteboka frå forrige møte opplesen. Etter dette vart årsmøtet greitt og raskt gjennomført, og me fekk vita kva som hadde skjedd i pensjonistforeninga i 1999, og korleis den økonomiske situasjonen var. Og foreninga kastar ikkje pengane ut, men har litt på bok. Rekneskap og årsmelding vart godkjend, og desse kom med i det nye styret:

Kjell Kro, leiar, Borgny Kro, sekretær, Henry Alvestad, kasserar, Asta Hognaland, nestleiar, Else Nilssen, styremedlem. Varamedlem, Synnøve Alvestad og Margit Kro, revisor, Olaug Hognaland og varamann for revisor Sigvart Våga.

Leiaren vart vald til utsending til Rogaland Pensjonistforbund sitt årsmøte.

I leiaren sin tale reflekterte han m.a. litt over pensjonistforeninga si historie, og kva betydning foreninga har hatt i lokalsamfunnet. Han nemnde også

eldrerådet sine oppgåver, og stilte spørsmålet om dette rådet verkeleg blir høyrte av politikarane når det kjem med sine uttaler til ulike saker.

Pensjonistforbundet sentralt er med og forhandlar om pensjonistane sine trygdeutingar i samband med dei



Det nye styret: Frå venstre: Asta Hognaland, varaformann, Borgny Kro, sekretær, Henry Alvestad, kasserar, Kjell Kro, formann, Else Nilssen, styremedlem (?)

årlege justeringane av desse.

Ein herleg middag med svinesteik og sviskegraut til dessert smaka ekstra godt. Det er fantastisk at Røde Kors sin besøkstjeneste, i dette tilfellet Else Nilssen og Kari Våge, står for all matlaginga på pensjonistforeninga sine møter, også middag når det skal serverast.

PRESTEN OG PRØYSEN

Det var sokneprest Arne Aurdal som med si levande opplesing av Prøysenstubbbar på dialekt som først fekk stemninga til å heva seg merkbart.


Seinare heldt han ein liten andakt.

Under "ordet fritt" var det

m.a. helsing frå

Bokn kommune

v/ varaordførar Arne Hosaas. Også han kunne bidra



Else Nilssen og Kari Våge

med muntre historier, nå frå Strilelandet frå eit hefte utgitt av Jan Spurkeland. Etterpå kom han med gåva frå kommunen til pensjonistforeninga. Det var kommunen sitt jubileumskrus til alle pensjonistane på jubileet. Han understreka kor viktige lag og



Sokneprest Arne Aurdal gjorde Prøysen-historier levande for pensjonistane.



Varaordføraren gratulerte med jubileet og las strilestubbbar.

organisasjonar er for trivselen i kommunen, og minna om at både Speidaren og Idrettslaget har jubileum i år. I tillegg feirar Bokn kommune 150 års jubileum som eigen kommune.


Det var også helsing frå Sigurd Johnny Svendsen som sit i eldrerådet, og frå tidlegare sosialsjef Johan Dankel. Han var ein av dei som var med og støtta opp om initiativet til å starta Bokn pensjonistforening i 1970, og var ein aktiv medspelar i drifta dei første åra.

MALVIN OG EVY

Allsong var det under festen. Men også Malvin og Evy som mange gonger tidlegare har hatt opptreden på pensjonisten, var med på jubileet. Songen "Dagen er din" passa godt, pluss eit par andre fine viser. Og Malvin kom ikkje unna Stanley Jakobsen-visa om han som ville tilbake frå hovudstaden til Vestlandet.

UT- LODNING HØYRER MED

Er det mangelen på basarar som gjer at det er så populært med ut-lodning? I alle fall er det aldri problem med loddsalet. Og mange gevinstar fekk nye glade eigarar.



Evy og Malvin Grønnestad

OLAUG SVIKTAR IKKJE

Det er ikkje få songar, dikt og prologar Olaug Hognaland har skrive opp gjennom åra. Til private arrangement, til jubileum til andre store offentlege arrangement. Ho framførte sjølv ei fin helsing på vers til 20 års

jubilanten, som ho har vore sterkt engasjert i opp gjennom åra, også som leiar. Ho var med heilt frå oppstarten, sjølv om ho då hadde mange år att til pensjonsalder.




Olaug Hognaland framførte eigen prolog

EI LIVSKRAFTIG FORENING?


Bokn pensjonistforening har passert 20 år, og har i overkant av 30 medlemmer. Medlemstalet har vore større, og det sit svært mange pensjonistar rundt omkring i bygda som sikkert har både behov og lyst å treffa andre på same alder. Difor blir det sikkert viktig for foreninga å spørja seg sjølv kva dei kan gjera for å få fleire med seg. Er det noko foreninga manglar, eller er det noko ein bør endra for at fleire skal bli med?

TITT, TITT, HER KJEME ME SÅ BLEI FØDT I FJOR.....

Nå kan alle lesarane få sjå det første "klassebildet" for 1. klasse hausten 2005. På bildene er me rundt to, tre mnd. gamle.




Joakim Skjelde, 08.01.99




Målfrid Kvinnesland Øvrebø, 20.01.99



Grethe Grunnaleite Furseth,
15.02.99




Sverre Trosnavåg, 03.04.99




Torbjørn Brynjelsen Lilleskog,
08.04.99




Ingrid Nesse Hetland,
24.04.99



Torfinn Mandius Alvestad, 18.05.99








Raymond Hognaland,
08.06.99

Malena Hognaland, 24.06.99

Linn Sørvaag, 11.08.99




Rune Hognaland, 23.09.99




Eline Foss Øvrebø, 16.09.99

Ida Havikbotn, 07.10.99



Tor Arne Øvrebø, 25.11.99

Simmen Karoliussen, 12.12.99



TIDLIG KRØKAST

Tekst & foto: Kjetil Hamre

Kyrkjebygd handelsslag har vel dei færreste høyrte om. Barnehaven har i snart eit halvt år hatt eigen butikk. Her har det vore butikksjefar og handlande i eit bankande kjør. Med god hjelp fra butikkane i Kroken og Føresvik har borna fått eit innblikk i kva som krevst av ein kremmar i dag. Me har fått kome på besøk og studert nøye kva butikkane eigentleg driv på med. Me rettar ei stor takk til tolmodige butikkansatte og deira støtte.


I hyllejungelen har me gått på jakt for å finna ut kva butikkane selger og prøvd å etterlikna dette i vår eigen butikk. Me har og fått vore me å jobba i butikkane. Det er spanande å koma seg ut av barnehaven å sjå kva som skjer rundt oss.

Tidleg ein torsdags morgon tok me oss ein tur med til Føresvik og var med på å setja ut nye varer i hyllene. Det var ikkje bare å setja varene på plass, her skulle det stablast fint opp slik at folk skulle få lyst å handla. Sjampignong? og sardiner, knekkebrød og leverpostei. Alt blei satt på plass med sirilige barnehender.

Sjokoladehyllene frista, men desse var heldigvis allereide fulle..... Gøy var det lell.



Epler og appelsiner ligg fint på plass. Jammen ser det lekkert ut!!!



Kor skal desse boksane settjast??



Ingen jubileumsfest utan produktive damer! Fv. Ingebjørg Alvestad, Kari Are og Solveig Ellingsen bakar flatbrød, lefser og potetkaker til festen 18. mars, og reknar med å halda på i fire, fem dagar. Det blir ein del når 250 stk. skal metast. Felles for alle produkta er at det er poteter i dei. Oppskriftene har damene frå mødrene sine, og bakstekonene før i tida, som gjekk rundt og bakte i små eldhus. Det var eit yrke den gongen, og Bertine Hansen, mor til Henry Alvestad, var ei slik. Gled dykk til jubileumsfesten 18. mars!

Foto: Steinar Alvestad



Petra Fritidsklubb informerer

TH. 52 75 25 70



Av ungdomsarbeider Ann-Kristin Grønnestad

Det går mot vår og lysere tider, også på *Petra*. Vi merker derfor at lysten til å utføre rydding, reparasjoner, utbedringer og grundig vasking melder seg. Ikke minst har vi en jobb å gjøre i forhold til våre trofaste brukere og deres foresatte.

Det har hanglet en del på klubben i det siste. Det har vært misforståelser, nye folk i styret (som kanskje burde hatt litt mer opplæring), dårlig kommunikasjon mellom parter som vi egentlig er avhengig av at har god kontakt, og ikke minst må vi få nevne det sørgelige faktum at foreldrene ofte ikke gidder å sitte vakt.

Vi på *Petra* har en del arbeid foran oss. Det har blitt ødelagt en del på møbler, vegger, dører, gardiner, biljardbord og forskjellig annet utstyr og inventar på fritidsklubben vår. Dette har gått over tid, men det er lett å se at det ikke er vanlig *slitasje* som er grunnen. Da må det altså være noen av ungdommene selv som syns det blir triveligere med brennmerker på veggene, skribling på dører, frynsete gardin-kanter og med innmaten hengende ut av møblene.

Dere må huske på at det er dere selv dere ødelegger for!

Trives dere ikke noe særlig med den klubben og det utstyret dere har, så har jeg et forslag til dere:

Hold dere hjemme!

Petra bør være et tilbud til de ungdommene som setter pris på å komme ut på fritida si, sammen med andre jevnaldrende, drive med forskjellige aktiviteter og ikke noe annet.

"Fritidsklubben er et sted hvor man bryr seg om hverandre, og hvor alle har lik rett til å delta uansett bakgrunn. I det åpne miljøet på klubbkveldene stilles det ingen krav til prestasjoner og ferdighetsnivå. Men for dem som har lyst, er det nok av utfordringer. Mange unge deltar aktivt i både drift og styrearbeid. Slik tilegner de seg også kompetanse i det som senere blir så viktig, når de etter

hvert vokser inn i og blir deltakere i det store samfunnet".

Sitat fra boken "Ungdomsarbeideren – om kultur og metode i fritidsklubber" av Henning Jacobsen.

Min oppfordring til dere som går på *Petra* er altså at dere bør være med på å ta ansvar for deres egen klubb. Det er ingen andre enn dere som taper på at den blir vandalisert.

Nå som ungdommene har fått litt "ris", går turen over til foreldrene.

Det er så mye styr med disse vaktene deres!

Passer ikke den dagen dere står oppført, vil vi gjerne at dere selv gjør noe med det. Ta kontakt med Jardar eller meg, sånn at vi vet om det i hvert fall. Bytter dere vakt med noen andre, så gi beskjed da også. Det er så dumt å ringe til feil foresatte og spørre hvor de er blitt av, når det ikke er de som skulle vært i det hele tatt.

Så håper vi på å se de foreldrene som nesten *aldri* sitter vakt, og ikke bare de som *alltid* sier ja i siste øyeblikk, fordi *dere* uteblir fra *deres* barns aktiviteter. Vil samtidig få takke de foresatte som engasjerer seg og trør til når det trengs!

Til slutt vil jeg bare ta med at undertegnede nettopp har startet sitt arbeid som ungdomsarbeider, med en stillingsandel på 23%, og arbeidet er midlertidig. Stillingen avsluttes 1.juli i år.

Styret i *Petra* består av:

Vegar Våge	-	Formann
Svenn Erik Grønnestad	-	Nestformann
Øystein Vågshaug	-	Kasserer
Henriette Øvrebø	-	Pr-sjef
Hanne Nilsen	-	Innkjøpssjef

Hilsen Petra-styret v/Ann-Kristin Grønnestad



NY AMBULANSE I BOKN

av seksjonssjef Gunn Grønnestad

Som sikkert mange boknarar har lagt merke til, er det komen ein ny ambulanse i kommunen. Vi har hatt ein del driftsproblemer med den gamle ambulansen ei tid, og det vart etter kvart klart at vi måtte ha utskifting av bilen innan kort tid.

Frå årsskiftet har Bokn kommune inngått ein ny avtale med Fylkes-sjukehuset i Haugesund/ Rogaland Fylkeskommune om vidare drift av ambulanse.

Avtalen er bygd på Rogaland Fylkeskommunes *Plan for ambulanse – og medisinsk nødmeldetjeneste*, vedtatt av Fylkestinget 8.mars 1994, samt vedtak i Fylkesutvalget sak nr.312/95. Avtalen gjeld i 2 år, då skal alle driftsavtalane for ambulansetjenesta i nordfylket reviderast.

Den nye avtalen inneber at ein av fylkeskommunen sine ambulansar er stasjonert i Bokn, den vert disponert og bemanna av Bokn kommune. Ambulansen er i beredskap heile døgnet, og vert varsla av AMK-sentralen. Treng bilen verkstadopphald eller er ute av drift av anna årsak, har vi krav på driftsreserve frå Fylkessjukehuset. Rammetilskotet kommunen får er no indeks-regulert. Totalt sett er avtalen forbetra i forhold til den vi hadde før, og vi har no eit godt samarbeid med ambulanse-stasjonen i Haugesund. Det vert sagt der at dei ser nytteverdien med ambulansen i Bokn både for befolkninga her, og kort utryknings-tid til riksvei og ferjetrafikk.



Biletet på framsida av denne utgåva av Bygdabladet syner ein blid og fornøgd gjeng tilsette med tre generasjonar ambulansebilar i Bokn. Gunn er plassert på støtfangaren til den eldste bilen, som var nokså oppfinnsomt innreda. Denne vart skifta ut med bilen Egil er panserpynt på i april 1991. Det vart av ambulansepersonalet opplevd som ei mirakuløs utvikling den gongen, fordi bilen var innreda etter formålet. Denne bilen har i desse åra vore nytta til 349 sjuketransportar, og for oss som arbeider med dette er det knytta mange minner og episoder til den. Den siste bilen, som Arild sitt på, er ein 91-modell. Den har gått både i Fusa og i Haugesund, så den er langt fra ny, men den er driftssikker og bedre på sambandsutstyret, samtidig som den er romsligare og meir hensiktsmessig inni. Sanitetsforeninga og Hjertelaget i Bokn har vore flinke til å supplera oss med utstyr som er gode hjelpemiddel under transportane, og dette utstyret er sjølvsagt flytta over i den nye bilen.

SUNNALANDSSTRAUMEN

Tekst: Reidar Alvestad – Bilder: kommunalt bildearkiv/Reidar Alvestad




KANALANLEGGET 125 ÅR

Også denne gongen vil eg skriva litt om ein stad på Bokn som har vore noko sentral i fleire samanhengar. I Straumen har det vore butikk og telegrafstasjon, og liv og røre med gjennomgangstrafikk av båtar. Her er også ei bru som bind saman ytre og indre del av øya. I tillegg har det her vore samling av hus i området. Det var i 1875 at kanalanlegget i Sunnalsstraumen vart bygd av Statens havnevesen. Den gongen vart det bygd vippebru.

Kanalen og den mudringa som var gjort, var berekna på båtar som hadde årar eller segl. Etter kvart som fiskebåtane vart større og fekk motor, vart kanalen for liten for mange, og dei måtte gå sør og vest om Loden. I 1911 prøvde Bokn kommune å få hamnedirektøren til å få kanalen opprenska eller mudra, slik at han vart djupare. Det var gode hamneforhold i Straumen, og tenester som la til rette for ein del trafikk.

BYGGESKIKK

Byggeskikken i området var slik som elles på øya, husa var vanlegvis svært små, og var oppførte av



Her ser du vippebrua. Butikken låg den gongen ved brua. Seinare blei dette huset flytta dit kor det ligg i dag.


tømmer. Mange av dei som budde i nærleiken, dreiv småbruk, men staden låg særleg lagleg til for fiskarar, og dei kunne koma seg lett og greitt ut både til Karmsundet på vestsida og Boknasundet og fjorden på austsida.

Eitt av husa i Straumen ligg på staden Kvednaneset. Det er huset til Anna Hognaland. Ho har sett det i stand til eigen bustad, og det er vel ein av dei få

bustadene i området som har mykje av opprinneleg form og utsjånad.

KRAMBUA

Det var Erik Loten som tidleg på 1900-talet emigrerte til Amerika som starta handel i kjellaren på det huset som rundt 1930 vart flytta frå området ved brua og dit det ligg i dag. Etter han overtok broren Sigval Loten.



Huset som Anna Hognaland nå har sett i stand til bustad. Far hennar var fødd og oppvaksen her. Det var Bokn sin første ordførar, Lars Rasmussen Lodden som flytta og sette huset opp her.

Han vart gift med Dina, som kom frå Hognaland. Dei dreiv krambua i mange år, men i årsskiftet 1962/63 vart krambua nedlagd.

Olaug Hognaland har fortalt meg at før Erik Loten starta krambu, var det handel i det huset som Anna Hognaland nå bur i (biletet ovafor). Det var ei som heitte Maren Larsen som dreiv denne i kammerset i huset på Kvednaneset.

LIV OG RØRE OM VINTEREN

I Straumen som så mange andre stader som hadde god hamn og tilgang på varer og andre tenester som t.d. telegrafstasjon, samla fiskebåtane seg når dei gjekk til land. Her la dei båtane side ved side, og fyllte nesten opp heile sundet ved landliggje under vintersildfisket. Her var det også lokale fiskarar som budde og hadde base for fisket, både småfiskarar som dreiv gard ved sida av, og slike som hadde fiske som hovudnæring.

NYE TIDER

I dag er det så og seia slutt med denne verksemda, i alle fall i Straumen. Det fisket som nå foregår frå denne staden, er det helst feriefolket som står for. Men

staden er enno eit framifrå utgangspunkt for dei som vil ut på sjøen for å fiska.

På begge sider av sundet er det nå turistane som dominerer. Og det er ei verkeleg perle av eit område. Dei seinare åra er det også gjort ein del utbetringsarbeid av bygningane som gjer at det heile ser betre ut enn tidlegare. Det er også vanlege hytter oppover i terrenget på sørsida. Langs sundet er det mest sjøhus og sjøhusliknande bygningar som er ombygde og nye sjøhusliknande hytter som kjem opp.

SØLVSKATT


I 1922 vart det under eit vegarbeid funne rundt 360 sølvmyntar under ein stein i Straumen. Pengane var

Johan fann pengane medan Hans var heime til middag.

BÅT TIL KOPERVIK

Tidlegare gjekk det rutebåten "Rogaland" innom Grønnestadvågen på vegen mellom Stavanger, Kopervik og Haugesund. På Grønnestadvågen vart han borda, og varer og passasjerar kunne koma i land eller om bord.

Men dette tok slutt, og Sigval Loten gjekk med ei skøyte frå Straumen til Kopervik kvar fredag for å henta varer til krumbua. Då kunne også passasjerar fylgja. Skøyta gjekk frå Straumen ved 10-tida, og var tilbake i 16-tida om ettermiddagen. Då hadde folk 4 timar til rådvelde i Kopervik.



Det tidlegare handelshuset til høgre er nå totalt renovert og framstår som ein praktfull bygning. Litt bortanfor blir det bygd ei ny hytte i sjøhusliknande stil. Borgene i forgrunnen.




Nye og oppussa eldre hus og sjøhus har etter kvart fått finare preg, og eg synes området nå framstår betydeleg finare enn for nokre år sidan.



Sunnalandsstraumen sett mot Grønnestadvågen og Karmsundet. Borgene i forgrunnen som også går under brua og eit stykke mot sør i andre retningen. Lengre nord i bakgrunnen er det også bygd borger gjennom eit smalt parti av sundet. Sunnalandsstraumen er også idyllisk vinterstid, sjølv om det er i sommarvêr området framstår som reine Sørlandsidyllen.

tyske og engelske, og ein antar dei var gøymde der på slutten av vikingtida. Pengane ligg nå på Arkeologisk museum i Stavanger. Han som fann pengane var Johan Jøsang. Han og Hans Hognaland arbeidde på vegen, og



Kommunen har i kommuneplanen sagt at det er ynskjeleg med fleire hus i område som tidlegare har vore tettbygde. Straumen-området er ein slik stad, og det kan vel henda at det i framtida vil vera fleire som gjer som Anne Lise og Nils Bjørn Nilsen og set opp hus i dette området. Dei har panorama-utsikt frå huset sitt som ligg øverst midt på biletet. Dei ville kanskje lika å få fleire yngre naboar?

KLUBBKVELDENE!!!

Av ungdomsarbeider Ann-Kristin Grønnestad

I godt og vel et år nå, har kommunen hatt et prøveprosjekt på gang blant ungdommene. Dette resulterte i noe vi kaller for klubbkvelder. Vi holder til på skolen, en lørdagskveld i måneden, og tilbudet blir benyttet av ca. 25 ungdommer hver gang. Mange har sikkert lurt på hva vi egentlig driver med, så nå tenkte vi at det var på tide med litt informasjon.

Klubbkveldene er for ungdom fra de som fyller tretten år i år, og opp til de som fyller atten i år. Ungdommer fra andre kommuner er også velkomne. Vi har åpent fra 19.00 – 01.00, og disponerer i denne tiden store deler av skolen.

På tidligere kvelder har vi hatt aktiviteter som diskotek, filmvisning, matlaging, ballspill (som regel volleyball), dansekurser, karateoppvisning, luftgevær-skyting, "praterom", data, matsalg, kiosk og masse annet. Egentlig så er det bare ungdomsarbeiderens fantasi som setter grenser.

Tidligere har vi hatt foreldre til å være vakter, eller "assistenter", siden det er litt vanskelig for meg å være flere steder på samme tid. Nå går den oppgaven over til lærlingene i barne- og ungdomsarbeid, og det ser ut til å fungere bra.

Det var ikke alltid like moro å ringe rundt til foreldre som kanskje nettopp hadde sittet vakt på *Petra*, fordi de ikke alltid visste at dette var et helt annet opplegg. Derfor skriver jeg det nå: *Petra* har ingenting med klubbkveldene å gjøre. Det eneste disse har felles, er at det er aktiviteter for ungdommene, og at det er mer eller mindre de samme ungdommene som går på klubbkveldene, som går på *Petra*.

Både å komme inn på, og å ta del i alle aktivitetene på klubbkveldene er gratis. Det eneste ungdommene betaler for er mat, brus og godterier.

Klubbkveldene er ikke gratis for kommunen, men ungdommen er et av satsingsområdene og det kommer til å merkes fremover.

For fremtidige kvelder har vi en del tanker og ideer, men det hadde vært fint med innspill i fra både ungdommene selv, og foreldre eller andre, kanskje i form av et lag eller en organisasjon.

Vi har nettopp hatt Skyttarlaget på besøk, med stor suksess, og er på stadig jakt etter nye innslag. Vi trenger også hjelp til å finne på et "hipt" navn som vi kan sette på disse kveldene våre, noe å la "Hall of fun#2". Har du forslag, tar du kontakt med meg.

Til slutt vil jeg rette en stor takk til Alf Ronny Fagerland og Sigurd Fagerland som kjørte langt for å ha en kjempeflott oppvisning i karate-kunsten for oss! I tillegg til å kjøre langt på en lørdagskveld, nektet de å ta i mot noe betaling. Tusen takk!

En stor takk til Edgar Våge fra Skyttarlaget også, han stilte opp med børser, blinker og ammunisjon, og ville heller ikke ha penger for jobben. Det vil jeg kalle en flott innsats for ungdommene, og at skytingen slo an hos både gutter og jenter (og ungdomsarbeideren selv), var det i hvertfall ingen tvil om!

Det var alt jeg hadde for denne gang, så håper jeg å se mange av dere unge på neste klubbkveld, som bli 25. mars!

Hilsen Ann-Kristin





LÅTT OG LØYE

med Vegar Våge



HA HA HA

-Har du hørt at Karl
har fått gebiss?

-Nei, fortalte han det?

-Nei, det kom frem under samtalen

-Da jeg var på din alder var
jeg gift for lengst, sa moren
hissig til sin datter.
-Ja, og det kan du takke meg for

-Hørt at Bondevik ga 75 millioner
i nyttårs gave til samene?
-Det var vel som takk for
datamaskinen han fikk i julegave fra
sametinget.
-Ja, en laptop.

HE HE HE

-Hør her, sa mureren til den nye lærlingen.
Det er ok at du sier tusen takk hver gang
jeg rekker deg en murstein, men det er
ikke nødvendig å ta av seg capsen!



Hvordan plukker du ut svensken
i en bilvaskeshall?
Det er han på motorsykkelen.

-Doktor, det er ingen som tar meg alvorlig!
-Nå spøker du...




Så var det nerden som fikk beskjed
om å skaffe seg noen smartere bukser.
Han la en kalkulator i lommen.

Svensker ler alltid tre ganger av en
vits. Først når den blir fortalt, så når
den blir forklart og til slutt etter et
par dager, når poenget går opp for dem.



Hva som skiller oss nordmenn fra apene?
Broen over Svinesund.

Lada er verdens raskeste
bil, den ligger alltid først i køen.



HO HO HO

PÅ KRYSS OG TVÆRS

Innleveringsfristen kom ikkje med i forrige blad, og dei same oppgåvene går vidare til neste gong.

I skrivande stund, 2. mars, er det berre kome eitt svar til kulturkontoret. Som eg var inne på sist, så må der visast meir interesse for å senda inn respons frå lesarane.

Dei neste månadene vil visa om "På kryss og tvers" vil halda fram etter ferien.

Daniel Dobrev, som var ein av vinnarane sist, vann kr. 230,- på loddet sitt, så her er det sjansar – kom igjen!

- redaktøren -

NYE OPPGÅVER

Innleveringsfrist: 1. april

Namn:

1

Mini-kryss for mini's & maxi's

2

Veit du svaret????

	På fuglens fot ↓			Guttenavn ↓
	→			
Får deg til å grine →			IKKE PÅ →	
			"Du" høfligere →	
OVERHALSEN!! ↑			Hestens hus ↓	Alfabet-sirkel ↓
		Bur i Irland ↓	Skal om natten →	Passe på ↓
				
Sau med skjegg →	Roald Amundsen →		Melkeprodusent →	
Har rundt livet →				

Svar på den stipla linja!

- Er en tarantella en hunnedderkopp? _____
- Hvor mange byer er det i Østfold? _____
- I båt finner vi babord til _____!
- Hva heter hovedstaden i Kroatia? _____
- Er en blå bever egentlig en bever? _____
- Hva betyr det å være insolvent? _____
- Hvilket fotballag spiller sine hjemmekamper på Gjemselund? _____
- Hvor mange planeter er det i vårt solsystem? _____
- På hvilken øy ligger Harstad? _____
- Hvor stammer regnbueørreten fra? _____

ÅRSMELDING FOR BOKN IDRETTSLAG 1999

Styret har vore slik samansett:

Formann: Arthur Trosnavåg

Nestformann: Olav Alvestad

Kasserar: Arne Hosaas

Sekretær: Ingjerd Thuestad

Styremedlem: Svein Ove Alvestad

“ : Trond Foss

“ : Bjørn Erik Gundersen

Tre frå styret står for val:

Arne Hosaas etter 8 år i styret

Svein Ove Alvestad etter 2 år i styret

Bjørn Erik Gundersen etter 2 år i styret

Arthur Trosnavåg ynskjer å trekkje seg frå styret etter 1 år som formann og etter til saman 4 år i styret.

Styret har hatt 11 styremøter i 1999.

Antall medlemmer i Bokn Idrettslag i 1999 var 128 stk.

Aktiviteter i 1999.

Volleyball:

Svein Olaussen har hatt ansvar for å leggje til rette for denne aktiviteten i 1999 og det har vore god oppslutnad om denne aktiviteten gjennom året.

Barnetrim:

Anne Lise T. Nilssen og Anita Bokneberg har leia denne aktiviteten i 1999. Det vart starta ei gruppe i alder 2-5 år og det var våren -99 gjennomsnittleg 15 born som møtte opp og om hausten ca. 20 born. Laget har kjøpt noko nytt utstyr til denne gruppa. I april var leiarane på eit tre dagers kurs som ga dei god inspirasjon til nye aktivitetar for dei små.

Dametrim:

Det vart hausten -99 starta opp trimmgrupper to kveldar i veka og frammøtet har vore bra.

Aldersbestemte klassar i sesongen 1999:

Bokn Idrettslag har berre hatt påmeldt eit lag denne sesongen.

Mini Mix 8-10 år:

Trenar har vore Kjetil Hamre

Oppmenn: Harry Hognaland og Geir Ognøy.

På treningane har til saman 18 gutar og jenter vore med. Det har vore litt opp og ned

med kor mange som har møtt opp kvar gong. Foreldra til dette laget har dessutan vore den einaste foreldregruppa som ein har hatt høve til å bruke til å vere med på ulike arrangement.

Det var ikkje lag i lillegutt 11-12 år, men 2 spelarar har vore med på Falkeid I.Lag sitt lilleguttlag.

Det var heller ikkje eit lokalt småguttelag, men spelarar har og i denne klassen vore med på Falkeid I. Lag sitt småguttelag.

Mini-mix-laget hadde avslutning for sesongen den 8. november.

A-laget:

Trenar har vore Roy Tjøsvoll

Oppmann/ lagleiar: Trond Foss.

Laget har i 1999 spela i 6.divisjon og det har vore god oppslutning om treninga og på kampane. Trenar Roy Tjøsvoll vil fortsetje og neste sesong og spelarane held fram det sosiale i laget som ei drivkraft til å vere med. Publikum har og vore trufast på heimekampane. A-laget har dessutan vore gode medhjelparar på dansane og på “Bruamarsjen”.

Laget hadde sesongavslutning den 22.oktober i Hauge-sund og fekk støtte til felles skyss.

Marsjar:

B.I.L. arrangerte “Vårsleppet” den 25. April med start frå Bokn skule og ein nytta turstien som løype. Det var ein fin dag for turgåing og det var 67 store og små turgåarar.

Dansar:

Laget har arrangert 3 dansar i 1999.

6.mars i vinterferien arrangerte laget den fyrste dansen dette året m/Onar Alvestad m/fl.

24.september “ Irsk kveld” på Sjøhuset i Alvestadkro-ken med husorkesteret til pub`en The Irishmen.

16. oktober i haustferien på Bokn skule.

Bingo:

Det vart vart arrangert berre ein bingo i 1999 den 10. Februar.

Styret hadde planlagt ein til den 27.oktober, men denne gjekk ut då det var vanskeleg for fleire av styremedlemmene å vere med på arrangementet.

Firebruersløpet/bruamarsjen:

Denne marsjen vart arrangert for niande gongen den 27.juni på tradisjonell vis. Veret var fint og det var god oppslutnad.

Halvmaraton deltakarar.

10 km ca. 40 deltakarar.

5 km marsj 250 deltakarar.

Arrangementet dette året gjekk med eit bra overskot då det vart gjort få innkjøp for å gjennomføre arrangementet.

Adventstund:

Denne vart arrangert i samband med tenning av jule-grana den 28.november på Bokn skule.

Diverse:

Ein har ikkje kome noko lenger med å få flytte "venterommet" på kaien opp til tomte ved idretts-plassen.

Dette arbeidet krev ein del førearbeid og dugnadstimar av både styret og av medlemmer og det har difor ikkje blitt tid nok til dette arbeidet. Alle formelle avtalar for å kunne flytte huset er i orden.

I samband med 2000 -årsfeiringa og 10 -års-jubileet for "Bruamarsjen" vil B.I.L. vere med på å planleggje ulike arrangement som kan gje gode inntekter og auka aktivitet og komande år.

Styret vil takke aktive og passive medlemmer for god støtte i 1999 og treng god støtte og aktive medlemmer og i komande år.

Bokn 19.januar-00
for styret i Bokn Idrettslag

Ingjerd Thuestad

Slik ser det nye styret ut:

Årsmøtet valde samrøystes Trond Foss til ny formann.

På det fyrste konstituerande styremøtet 3/2 2000 vart styret sett saman slik:

Formann	- Trond Foss
Nestformann	- Rita Jensen
Kasserar	- Olav Alvestad
Sekretær	- Ingjerd Thuestad
Styremedlem/ materialforvaltar	- Roy Tjøsvoll
Styremedlem	- Julianne Nilsen
Styremedlem	- Helge Kristian Nilsen

For Bokn idrettslag

Ingjerd Thuestad

23.03

**BØSSE-
TØMMEDAG**



LABB og LINE
S P A R E K L U B B

Barna trenger en skikkelig sparingspartner.

Høyere rente. Tilbud om gunstig barneforsikring. Fødseldagshilsen fra Labb og Line.

Eget medlemskort og klubbmateriell. Ta kontakt!

Spare Bank 1 SR-Bank

BOKN

23.03

**OVER-
RASKELSER
TIL BARNA**

*Hjarteleg takk til alle som hugsa meg på
min 50-års dag!*

Helsing Inger Synnøve Bokneberg

*Du er velkommen med gratis
takkeannonse i bladet!*

FURU HYLLESEKSJON

til salgs

Tlf. 52 74 86 76

BILLIG BIL – WW PASSAT

STASJONVOGN – 84

for salg til høyskydende

Tlf. 51 48 64 29

Vi trenger møbler!!!

Petra Fritidsklubb trenger *nye* bruktmøbler til lokalene sine. Har du en sofa du ikke bruker eller ikke trenger?

Kanskje du har et bord, eller noen stoler i kjelleren som bare står og opptar plass? En kommode kunne vi også hatt bruk for, og hyller av diverse slag.

Har du et møbel vi har veldig lyst på, men som du kanskje kunne tenke deg å få en slant for, så kan vi jo sikkert bli enig om en pris.

Ta kontakt med oss på telefon: 52748401, så kan vi eventuelt komme og hente det du vil bli kvitt.

Hilsen Petra Fritidsklubb



FLYTEBRYGGER

TIL SALGS


Bokn Båtforening har for salg fem flytebrygger.

Målene er 2,4m x 12,0m. De er kraftig konstruert i varmgalvanisert stål med plastpotonger fylt med isopor.

Bryggene kan sees ved Knarholmen, nord for Bokn Fiskemottak.

Pris pr stk: Kr 15.000,- + m.v.a. (Kr 18.450,-).

Kontakt Trond Vatnaland, tlf 52 74 86 48 eller mobil tlf 90 69 43 50.



BOKN KOMMUNE

5561 BOKN

LEDIGE STILLINGAR/FERIEVIKARAR

I helse- og sosialseksjonane er det fylgjande ledige stillingar:

Støttekontakt/assistent

Arbeid med funksjonshemma ungdom.

Arbeidet foregår hovudsakeleg etter skuletid, og ev. enkelte lørdagar/søndagar

Avlønning i ltr. 17.

Det vil bli gitt opplæring.

Opplysningar får ein ved å venda seg Bokn sosialkontor v/ Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04.

Søknad skal sendast Bokn sosialkontor, 5561 Bokn innan 1.april 2000.

I helseseksjonen er det ledige **ferievikariat i pleie- og omsorg/kjøkken**. Søkjarar må vera over 18 år og bør ha relevant utdanning og/eller erfaring. Interesserte søkjarar må oppgi tidsrom dei kan arbeida og stillingsandel. Løn etter Hovudtariffavtalen.

Opplysningar om vikariata får ein ved å venda seg til seksjonssjef Gunn Grønnestad eller nestleiar Miriam Berland, tlf. 52 75 25 30

Søknad skal sendast Helseseksjonen, Bokn kommune innan 1. april 2000.



Bokn kommune
150 år

BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin-Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED

BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Levering av røyr og kummer.

TOMT

til salgs i Føresvik
i regulert område.

Tlf. 52 74 83 18

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.
Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Jakob Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 32 87

946 70 873

Håp for år 2000

Kva kan eit nytt årtusen bringe?

Fred? Verdas undergang?

Kanskje, kanskje ikkje.

Kva vil eg at eit nytt årtusen skal bringe?

Rikdom? Fred? Berømmelse?

Alt er sikkert vel og bra, men mest av alt vil eg ha:

Vennskap, kjærleik, mange nye opplevingar.

Kanskje skjer det, kanskje ikkje.

Kanskje menneska vil slutte å krige

Kanskje, kanskje ikkje.

Men eg sluttar aldri å håpe.

Cathrine 9.kf

Eit ønske

Alle har eit ønske.

Det kan vera om fred,

kjærleik eller sunnhet.

Men nokon treng det meir enn andre.

Nokon ønsker seg kanskje

playstation til jul,

mens på andre sida av jorda

sit eit lite barn i ruinar

og ønsker seg fred.

Verda er urettferdig.

Same kor godt me har det,

så ønsker me oss noko.

Me må tenka på andre også!

Så kanskje istadenfor at me

kjøper eit nytt steroanlegg,

så kan me jo senda pengene

til Rødd barna.

Det får ikkje krigen til å slutta,

men kvardagen blir litt betre for

det lille barnet som sit i ruinane.

Alle har eit ønske.

Skrive av Vibeke Borgenvik 8.klasse

**SONETERAPI/
NATURMEDISIN**
onsdagar frå kl. 08.30
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

Jorid Vea
heilpraktikar

KYRKJEVERGA er å
treffa på Boknatun
tysdagar og
onsdagar mellom kl.
08.30 og 15.30.

Direktenr. 52 75 25 47

Svanhild Alvestad
kyrkjeverge



LIKNINGSKONTORET
Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag kl.
08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i
Bokn

**LANDBRUKS-
KONTORET**
Kvar torsdag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef

ORDFØRAREN
er å treffa på Boknatun
tysdagar .

Direktenr. 52 75 25 03
Mobiltlf. 913 54 082

P.g.a. ein del møteverk-
semd er det lurt å ringja
på førehand.

Svein Ove Alvestad
ordfører

**PSYKIATRISK
SJUKEPLEIAR-
TENESTE**

Tysdagar og fredagar
kl. 08.00 – 15.00
på det gamle
fysioterapirommet.
Direktenr. 52 75 25 36

Laila Nemeth
psykiatrisk
sjukepleiar

BOKN FYSIOTERAPI
Tysdag og torsdag
kl. 9.00 – 15.30

Direktenr. 52 75 25 33

Geir Austvik
fysioterapeut

BARNEVERNLEIAREN
Kontordag tysdagar,
elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 54 -
Mob. 915 37 926

Eva Moi
barnevernleiar

BOKN HELSESTASJON
Kontordagar
tysdag og torsdag.
Open helsestasjon
torsdagar 9-11.30 -
elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 43

Eva Brunborg
Svendsen

FOTTERAPI
kvar fredag på
legekontoret
kl. 09.00 – 14.00
For påmelding,
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen
fotterapeut



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 02	Økonomisjef	Solrunn Alvestad
52 75 25 03	Ordfører	Svein Ove Alvestad
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Kommunekasserar	Harald Bokneberg
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove	
52 74 85 22	Legevaktsentralen	
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster	Eva B. Svendsen
52 75 25 45	Biblioteksjef	Linda Ognøy
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad
52 75 25 50	Rektor/seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51	Undervisningsinspektør	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54	Barnevernleiar	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)
52 75 25 80	Tannlege	Else Kjellesvik

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året (ikkje januar og august)

FORSIDEBILDE

Tre generasjonar ambulanse i Bokn!

Foto: Jardar Havikbotn

STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS

- for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/ konferansar som tar sikte på skolering av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltakarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/ konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.

I søknaden skal desse opplysningane stå:

- kurslengde
- arrangør
- program

- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.

Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbodet om å gjera det.

A-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

KULTURKALENDEREN

MARS

- 15.-19.: Den Indre Sjømannsmisjonen, møte kl. 19.30
- 16.: Driftsstyremøte, gml. kommunestyresal kl. 19.00
- 18.: Bokn kommune 150 år! Folkefest med Hanne Krogh: kl. 19.30, sjå eige program.
19. Gudsteneste kl. 11.00
- 19.: Årsmøte, Bokn bedehus
- 20.: Vestlandsfanden kl. 19.00 på skulen, – sjå eige program
- 22.: Drivhus og vinterhage v/Karin Svendsen, Allrommet kl. 19.30 – arr. Bokn hagelag
- 22.: Formannskapsmøte, gml. kommunestyresal kl. 19.00
- 23.: Bingo, arr. Bokn musikkorps
- 24.: Kulturkveld kl. 19.30, frå Ivar Aasen sitt liv – arr. Bokn mållag og bedehusstyret
- 25./26.: Bokn Musikkorps har semeniar på skulen
25. Ungdomstreff kl. 19.00 – 01.00 på skulen, frå 7. klasse
- 26.: Bokn søndagsskule, Bokn bedehus
- 26.: Felles ridetur, Erik Eikje – arr. BORK
- 26.: Muhammedanermisjonen, Bokn bedehus kl. 19.30
- 27.: Barnaklubben på Hognaland kl. 10.30 – 12.30
- 30.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 30.: Forvaltningsstyremøte kl. 19.30, gamle kommunestyresal
- 30.: Indremisjonen, Bokn bedehus kl. 19.30
- 30.: Årsmøte i Havnavegen velforening kl. 19.00.

APRIL

- 01.-02.: Bli kjent med hesten – arr. BORK
- 02.: Gudsteneste kl. 11.00
- 07.-09.: 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK er 10 år! Folkefest på skulen m/kulturprisutdeling den 7. "Kampen om Vikingskipet" - speidarar frå heile Haugaland krets deltek i nattpatruljering på Bokn.
- 09.: Bokn søndagsskule, Bokn bedehus
- 09.: Santalmisjonen, Bokn bedehus kl. 19.30
- 10.: Barnaklubben på Hognaland kl. 10.30 – 12.30 - påskepynt
- 12.: Formannskapsmøte, gml. kommestyresal kl. 19.00
- 15.: Blå Kors, Bokn bedehus kl. 19.30

1. KLASSINGAR OM ÅR 2000



Silje: Eg har lyst til å teikna. Eg har lyst til å vera åleina heime.



Thomas: Eg vil bare ha rakettar.



Andreas: Senda opp rakettar kvar dag. Eg skal ha det kjekt.